Financial assets at fair value through profit or loss are financial assets held for trading. A financial asset is classified in this category if acquired principally for the purpose of selling in the short term. Derivatives are also categorised as held for trading unless they are designated as hedges. Assets in this category are classified as current assets if expected to be settled within 12 months, otherwise they are classified as non-current.

Financial assets carried at fair value through profit or loss are initially recognised at fair value, and transaction costs are expensed in the income statement. Gains or losses arising from changes in the fair value of the 'financial assets at fair value through profit or loss' category are presented in the income statement within 'other (losses)/gains - net' in the period in which they arise.

Financial assets are derecognised when the rights to receive cash flows from the investments have expired or have been transferred and the group has transferred substantially all risks and rewards of ownership.

(b) Financial assets measured at amortised cost

Financial assets measured at amortised cost are non-derivative financial assets with fixed or determinable payments that are not quoted in an active market. They are included in current assets, except for maturities greater than 12 months after the end of the reporting period. These are classified as non-current assets. These comprise 'trade and other receivables' and 'cash and cash equivalents' in the balance sheet.

Loans and receivables are initially recognised at fair value plus transaction costs. After initial recognition loans and receivables are accounted for using amortized cost.

The group assesses at the end of each reporting period expected credit loss on a financial asset or group of financial assets if impaired, based on changes in credit risk.

Financial assets are derecognised when the rights to receive cash flows from the investments have expired or have been transferred and the group has transferred substantially all risks and rewards of ownership.



Andre finansielle forpliktingar

Andre finansielle forpliktingar inneheld alle forpliktingar som ikkje klassifiserast som verkeleg verdi over resultatet ved fyrstegongsinnrekning. Dei klassifiserast som kortsiktig dersom konsernet ikkje har ein ubetinga rett til å utsetje betaling utover 12 månader frå balansedagen.

Ved fyrstegongsinnrekning rekneskapsførast forpliktingane til verkeleg verdi med fråtrekk for eventuelle etableringskostnader. I etterfølgande periodar rekneskapsførast forpliktingane etter amortisert kost.

Finansielle forpliktingar fråreknast frå balansen på det tidspunktet når forpliktinga til å innfri forpliktingar er opphøyr. Dette skjer som regel ved at konsernet innfrir sine forpliktingar.

Other financial liabilities

Other financial liabilities includes all liabilities not classified as fair value to profit and loss at initial recognition. They are classified as current if the group does not have unconditional right to delay payment with 12 months from the balance sheet date.

At initial recognition they are recognized at fair value net of any transactions costs directly attributable to the issue of the instrument. Such interest bearing liabilities are subsequently measured at amortised cost.

Financial liabilities are de recognised when the group are no longer liable for the liability. This usually transpire when the group settles it liabilities thru payments.

2.16 KUNDEFORDRINGAR

Kundefordringar oppstår ved omsetning av varer eller tenester som er innanfor den ordinære driftssyklusen. Kundefordringar som oppstår som ein vanleg del av driftssyklusen klassifiserast som omløpsmidlar. Kundefordringar som ikkje inngår i den ordinære driftssyklusen og har forfall seinare enn 12 månader klassifiserast som anleggsmidlar.

2.16 TRADE RECEIVABLES

Trade receivables are amounts due from customers for merchandise sold or services performed in the ordinary course of business. If collection is expected in one year or less (or in the normal operating cycle of the business if longer), they are classified as current assets. If not, they are presented as non-current assets.

2.17 KONTANTAR OG KONTANTEKVIVALENTAR

Kontantar og kontantekvivalenter består av kontantar, bankinnskott, andre kortsiktige, lett omsettelege investeringar med maksimum tre månaders opprinneleg løpetid.

2.17 CASH AND CASH EQUIVALENTS

In the consolidated statement of cash flows, cash and cash equivalents includes cash in hand, deposits held at call with banks, other short-term highly liquid investments with original maturities of three months or less and bank overdrafts.

2.18 EIGENKAPITAL

Ordinære aksjar klassifiserast som eigenkapital. Kostnader som er direkte knytta til utstedelse av nye aksjar eller opsjonar vert vist som frådrag i eigenkapitalen, netto etter skatt, frå proveny. Eigne eigenkapitalinstrumenter som vert tilbakekjøpt (eigne aksjar) vert innrekna til kostpris og vert presentert som reduksjon av eigenkapital. Gevinst eller tap vert ikkje resultatført som følge av kjøp, sal, utstedelse eller sletting av konsernet sine egne eigenkapitalinstrumenter. Ein kvar differanse mellom balanseført verdi og vederlaget, dersom utstedt på nytt, vert innrekna i annan eigenkapital. Stemmerettar knytt til egne aksjar vert annullert og det vert ikkje avsett utbytte til egne aksjar.

2.18 EQUITY

Where any group company purchases the company's equity share capital (treasury shares), the consideration paid, including any directly attributable incremental costs (net of income taxes) is deducted from equity attributable to the company's equity holders until the shares are cancelled or reissued. Where such ordinary shares are subsequently reissued, any consideration received, net of any directly attributable incremental transaction costs and the related income tax effects, is included in equity attributable to the company's equity holders.

Minoritetsinteressa inngår i eigenkapitalen. Minoritetsinteressa vert målt initielt til verkeleg verdi av netto eigendelar ved oppkjøp inkludert eventuelt goodwill. Minoriteten tilskrivast sin forholdsmessige andel av resultatet i dei aktuelle dotterselskapa. Kjøp og sal av aksjar til/frå minoritet rekneskapsførast som ein eigenkapitaltransaksjon. Ulikskapen mellom forholdsmessig andel bokførte verdier og transaksjonspris belastast/godskrivas majoriteten sin andel av eigenkapital.


Non-controlling interest is included in equity. Non-controlling interest is measured at the proportional amount of net assets and liabilities assumed in the business combination, alternative including goodwill. A portion of the resulted in the subsidiaries with the non-controlling is allocated to the non-controlling interest. Sale and purchase of shares to and from the non-controlling interest is accounted for as a equity transaction. Any differences between the portion of booked amount and the transaction price is booked against the controlling interest portion of equity.

2.19 LEVERANDØRGJELD OG ANNAN KORTSIKTIG GJELD

Leverandørgjeld er forpliktingar til å betale for varer eller tenester som er levert frå leverandørane til den ordinære drifta. Leverandørgjeld er klassifisert som kortsiktig dersom den forfell innan eitt år eller kortare. Dersom dette ikkje er tilfelle, klassifiserast det som langsiktig

2.19 TRADE PAYABLES AND OTHER SHORT TERM LIABILITIES

Trade payables are obligations to pay for goods or services that have been acquired in the ordinary course of business from suppliers. Accounts payable are classified as current liabilities if payment is due within one year or less (or in the normal operating



Leverandørgjeld vert målt til verkeleg verdi ved fyrstegongs balanseføring. Ved etterfølgande måling vurderast leverandørgjeld til amortisert kost ved bruk av effektiv rente.

220 LÅN

Lån rekneskapsførast til verkeleg verdi når utbetaling av lånet finn stad, med frådrag for transaksjonskostnader. I etterfølgande periodar rekneskapsførast lån til amortisert kost berekna ved bruk av effektiv rente. Forskjellen mellom det utbetalte lånebeløpet (fråtrukke transaksjonskostnader) og innløysingsverdien resultatførast over lånet si løpetid som del av effektiv rente.

Kostnader knytt til etablering av trekkrettar balanseførast i påvente av låneopptak dersom det er sannsynleg at lån vert trukke opp. Kostnadane førast seinare til frådrag på lånet ved opptrekk. Dersom det ikkje vert ansett sannsynleg at heile eller delar av trekkrettar vert trukke opp balanseførast honoraret som forskotsbetalte likviditetstenester og kostnadsførast over perioda rettane gjeld for.

221 LÅNEKOSTNADAR

Lånekostnader frå generell og spesifikk finansiering knytt til anskaffing, konstruksjon eller produksjon av kvalifiserande eigedelar, som er eigedelar som det vil ta ein betydeleg periode å ferdigstille for tiltenkt bruk eller sal, aktiverast som ein del av anskaffelseskostnaden for eigedelen, fram til tidspunktet når eigedelen i all hovudsak er klar for tiltenkt bruk eller sal.

Eventuelle kapitalinntekter frå midlertidig plasseringar av lånebeløp, som enno ikkje er nytta til anskaffing av ein kvalifiserande eigedel, skal trekkast frå rentekostnader som aktiverast som ein del av anskaffingskostnaden for eigedelen.

Alle andre rentekostnader kostnadsførast i den perioden dei påløper.

222 BETALBAR OG UTSETT SKATT

Skattekostnaden for perioden bereknast i samsvar med dei skattemessige lovar og reglar som er vedtatt, eller i hovudsak vedtatt av skattemyndigheitene på balansedagen. Det er lovverket i dei land der konsernet sine dotterselskap eller tilknytta selskap opererer og genererer skattepliktig inntekt som er gjeldande for berekninga av skattepliktig inntekt. Leiinga vurderer dei standpunkt ein har hevda i sjølvmeldingane der gjeldande skattelover er gjenstand for fortolking. Basert på leiinga si vurdering, gjerast avsetningar til forventa skattebetalingar der dette vert sett som nødvendig.

Det er ved bruk av gjeldsmetoda berekna utsett skatt på alle midlertidige ulikskapar mellom skattemessige og konsoliderte rekneskapsmessige verdiar på eigedelar og gjeld. Dersom utsett skatt oppstår ved fyrste gongs balanseføring av gjeld eller eigedelar i ein transaksjon, som ikkje er ein verksemdsamanslutning, og som på transaksjonstidspunktet verken påverkar rekneskaps eller skattemessig resultat, vert den ikkje balanseført. Utsett skatt fastsetjast ved bruk av skattesatsar og lovar som er gjeldande på balansedagen, og som vert antatt å skulle nyttast når den utsette skattefordelen realiserast eller når den utsette skatten gjerast opp. Utsett skattefordel balanseførast i den grad det er sannsynleg at framtidig skattbar inntekt vil foreligge, og at dei midlertidige ulikskapane kan fråtrekkast i denne inntekta.

cycle of the business if longer). If not, they are presented as non-current liabilities. Trade payables are recognised initially at fair value and subsequently measured at amortised cost using the effective interest method.

220 BORROWINGS

Borrowings are recognised initially at fair value, net of transaction costs incurred. Borrowings are subsequently carried at amortised cost; any difference between the proceeds (net of transaction costs) and the redemption value is recognised in the income statement over the period of the borrowings using the effective interest method.

Fees paid on the establishment of loan facilities are recognised as transaction costs of the loan to the extent that it is probable that some or all of the facility will be drawn down. In this case, the fee is deferred until the draw-down occurs. To the extent there is no evidence that it is probable that some or all of the facility will be drawn down, the fee is capitalised as a pre-payment for liquidity services and amortised over the period of the facility to which it relates.

221 BORROWING COSTS

General and specific borrowing costs directly attributable to the acquisition, construction or production of qualifying assets, which are assets that necessarily take a substantial period of time to get ready for their intended use or sale, are added to the cost of those assets, until such time as the assets are substantially ready for their intended use or sale.

Investment income earned on the temporary investment of specific borrowings pending their expenditure on qualifying assets is deducted from the borrowing costs eligible for capitalisation.

All other borrowing costs are recognised in profit or loss in the period in which they are incurred.

222 CURRENT AND DEFERRED INCOME TAX

The current income tax charge is calculated on the basis of the tax laws enacted or substantively enacted at the balance sheet date in the countries where the company and its subsidiaries operate and generate taxable income. Management periodically evaluates positions taken in tax returns with respect to situations in which applicable tax regulation is subject to interpretation. It establishes provisions where appropriate on the basis of amounts expected to be paid to the tax authorities.

Deferred income tax is recognised, using the liability method, on temporary differences arising between the tax bases of assets and liabilities and their carrying amounts in the consolidated financial statements. However, deferred tax liabilities are not recognised if they arise from the initial recognition of goodwill; deferred income tax is not accounted for if it arises from initial recognition of an asset or liability in a transaction other than a business combination that at the time of the transaction affects neither accounting nor taxable profit or loss. Deferred income tax is determined using tax rates (and laws) that have been enacted or substantively enacted by the balance sheet date and are expected to apply when the related deferred income tax asset is realised or the deferred income tax liability is settled.



Utsett skatt bereknast på midlertidige ulikskapar frå investeringar i dotterselskap og tilknytt selskap, bortsett frå når konsernet har kontroll over tidspunktet for reversering av dei midlertidige ulikskapane, og det er sannsynleg at dei ikkje vil verte reversert i framtida. Utsett skattefordel og utsett skatt skal motrekast dersom det er ein juridisk håndhevbar rett til å motrekne eigedelar ved betalbar skatt mot forpliktingar ved betalbar skatt, og utsett skattefordel og utsett skatt gjeld inntektsskatt som illeggast av same skattemyndighet for anten same skattepliktige føretak eller ulike skattepliktige føretak som har til hensikt å gjere opp forpliktingar og eigedelar ved betalbar skatt netto.

Rederibeskatta selskap blir ikkje skattlagt for netto driftsresultat. Netto finansinntekter skattleggast løpande 22%. Tonnasjeskatt og skatt utland berekna på grunnlag av bruttoinntekt klassifiserast som ein driftskostnad. Øvrige selskap beskattast etter ordinære skatteregler.

2.23 AVSETNINGAR

Konsernet rekneskapsfører avsetningar for miljømessige krav og rettslege krav når det eksisterer ein juridisk eller sjølvpålagt forplikting som følge av tidlegare hendingar, det er sannsynlegheitsovervekt for at forpliktinga vil kome til oppgjør ved ei overføring av økonomiske ressursar, og forpliktinga sin størrelse kan estimerast med tilstrekkeleg grad av pålitelegheit. Det avsetjast ikkje for framtidige driftstap.

I tilfeller der det forelegg fleire forpliktingar av same natur, fastsetjast sannsynlegheita for at forpliktingane vil kome til oppgjør ved å vurdere forpliktingar av denne typen under eitt. Det gjerast difor ei avsetning sjølv om sannsynlegheita for oppgjør knytt til det enkelte forholdet kan vere lågt.

Avsetningar målast til noverdien av forventade utbetalingar for å innfri forpliktinga. Det vert nytta ein diskonteringsrate før skatt som reflekterer noverande marknadssituasjon og risiko spesifikk for forpliktinga. Økningar i forpliktinga som følge av endra tidsverdi førast som finanskostnad.

2.24 KLASSIFISERING AV EIGEDELAR OG GJELD

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld med forfall innan 12 månadar, og andre postar som inngår i selskapet sin ordinære sirkulasjon av varer eller tenester. Strategiske investeringar klassifiserast som anleggsmidlar. Kortsiktig andel av langsiktig gjeld presenterast som kortsiktig.

2.25 UTDELING AV UTBYTTE

Utbyttebetalingar til morselskapet sine aksjonærar klassifiserast som gjeld frå og med det tidspunkt utbyttet er fastsett av generalforsamlinga.

2.26 BETINGA FORPLIKTINGAR OG EIGEDELAR

Betinga forpliktingar er ikkje rekneskapsført i årsrekneskapet. Det er opplyst om vesentlege betinga forpliktingar med unntak av betinga forpliktingar der sannsynlegheita for forpliktinga er svært usannsynleg.

Deferred income tax is provided on temporary differences arising on investments in subsidiaries and associates, except for deferred income tax liability where the timing of the reversal of the temporary difference is controlled by the group and it is probable that the temporary difference will not reverse in the foreseeable future. Deferred income tax assets and liabilities are offset when there is a legally enforceable right to offset current tax assets against current tax liabilities and when the deferred income taxes assets and liabilities relate to income taxes levied by the same taxation authority on either the same taxable entity or different taxable entities where there is an intention to settle the balances on a net basis.

The companies which are subject to the rules of for the shipping tax regime will not be taxed on net operating result. Net financial income is taxed currently with 22%. Tonnage tax and tax abroad calculated on the basis of operating income is classified as an operating expense. The other companies are taxed under the ordinary tax rules.

2.23 PROVISIONS

Provisions for environmental restoration and legal claims are recognised when: the group has a present legal or constructive obligation as a result of past events; it is probable that an outflow of resources will be required to settle the obligation; and the amount has been reliably estimated. Provisions are not recognised for future operating losses.

Where there are a number of similar obligations, the likelihood that an outflow will be required in settlement is determined by considering the class of obligations as a whole. A provision is recognised even if the likelihood of an outflow with respect to any one item included in the same class of obligations may be small.

Provisions are measured at the present value of the expenditures expected to be required to settle the obligation using a pre-tax rate that reflects current market assessments of the time value of money and the risks specific to the obligation. The increase in the provision due to passage of time is recognised as interest expense.

2.24 CLASSIFICATION OF ASSETS AND LIABILITIES


Current assets and liabilities are those that falls due with 12 months of the balance sheet date, and other items that are a part of the operating cycles for the group. Long-term investments are classified as non-current assets. Current portion of long-term debt is classified as current.

2.25 DIVIDEND DISTRIBUTION

Dividend distribution to the company's shareholders is recognised as a liability in the group's financial statements in the period in which the dividends are approved by the company's shareholders.

2.26 CONTINGENT OBLIGATIONS AND ASSETS

Contingent obligations are not booked in the annual accounts. Significant contingent obligations are reported with the exception of those contingent obligations in which the likelihood of the obligation arising is very unlikely.



Ein betinga eigedel er ikkje rekneskapsført i årsrekneskapet, men opplyst om dersom det føreligg ei viss sannsynlegheit for at ein fordel vil tilflyte konsernet.

227 PENSJONSFORPLIKTINGAR

Selskapa i konsernet har ulike pensjonsordningar. Pensjonsordningane er generelt finansiert gjennom innbetalingar til forsikringsselskap eller pensjonskasser. Konsernet har både innskotsplanar (landtilsette) og ytelsesplanar (sjøtilsette). Ein innskotsplan er ei pensjonsordning der konsernet betalar faste bidrag til ei separat juridisk eining. Konsernet har ingen juridisk eller annan forpliktelse til å betale ytterlegare bidrag dersom eininga ikkje har nok midlar til å betale tilsette ytingar knytt til opptening i inneverande og tidlegare periodar. Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotsplan. Typisk er ein ytelsesplan ei pensjonsordning som definerar ei pensjonsutbetaling som ein tilsett vil ta imot ved pensjonering. Pensjonsutbetalinga er normalt avhengig av fleire faktorar som alder, antall år i selskapet og løn.

Den balanseførte forpliktinga knytta til ytelsesplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedatoen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Pensjonsforpliktinga blir rekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode. Noverdien av dei definerte ytingane blir bestemt ved å diskontere estimerte framtidige utbetalingar med foretaksobligasjonsrente (OMF). Basert på input frå marked, aktuar og konsernet si oppfatning blir det benytta OMF rente i 2019. Estimatavik rekneskapsførast over utvida resultat. Sjå note 19 Pensjon.

228 HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Ny informasjon etter balansedagen om selskapet si finansielle stilling på balansedagen er teke hensyn til i årsrekneskapen. Hendingar etter balansedagen som ikkje påverkar selskapet si finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverke selskapet finansielle stilling i framtida er opplyst om dersom dette er vesentleg.

NOTE 3 VESENTLEGE ESTIMATENDRINGER OG USIKKERHEIT

Bruk av estimater – avsetningar – skjønsmessige vurderingar
Utarbeiding av rekneskap i samsvar med IFRS krev bruk av estimat. Vidare krev anvending av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leiinga må utøve skjønn. Områder som i høg grad inneheld slike skjønsmessige vurderingar eller høg grad av kompleksitet, eller områder der forutsetningar og estimater er vesentleg for konsernregnskapen er oppsummert nedanfor:

Skip – Dei balanseførte verdiane av konsernet sine skip representerer over 90 % av den totale balansen. Vurderingar og estimat knytt til skipa har ein vesentleg innverknad på konsernet sine årsrekneskap. Det blir gjennomført nedskrivningstestar på skipa (individuelle kontantgenererande einingar) kvartalsvis. Testane er i hovudsak basert på bruksverdier. I vurderinga av bruksverdi blir det brukt framtidige forventa kontantstraumar, neddiskontert til netto noverdi ved bruk av ei diskonteringsrente etter skatt som reflekterer markedsbasert tidsverdi av pengar, samt spesifikk risiko for eigedelen. Det er brukt 9,6 % som avkastningskrav etter skatt (WACC) for 2019. Det er stor usikkerheit knytt til bruksverdirekningane, herunder dagrater, kostnivå og utnyttingsgrad. For skip med faste kontrakter er det nytta dagrater i henhold til kontrakt i den faste perioden, og deretter blir det nytta dagrater og utnyttingsgrad i henhold

A contingent asset is not booked in the annual accounts, but reported if there is a certain level of probability that the Group will attain a benefit.

227 RETIREMENT BENEFIT LIABILITIES

The companies in the group have different retirement benefit schemes. These are generally financed through payments to insurance companies or pension funds. The group has both defined contribution schemes and defined benefit schemes. A defined contribution scheme is a pension scheme in which the company pays a fixed contribution to a separate legal entity. The company has no legal or other obligation to pay further contributions if the entity has insufficient funds to pay pension benefits earned in the current and previous periods. A defined benefit scheme is a pension scheme that is not a contribution scheme. Typically, a defined benefit scheme is a pension scheme that defines how much an employee will receive on retirement, and normally depends on several factors as age, length of pensionable service and wage level at retirement age.

The balance sheet liability related to defined benefit schemes is the current value of the defined future payments at balance sheet date minus fair value of the pension funds. The pension obligation is calculated annually by an independent actuary using the straight-line earnings method. The present value of the defined benefit obligation is determined by discounting the estimated future payments by the corporate bond rate. This is based on input from the market, actuarial and group decision is to use OMF rate in 2019. Actuarial gains/losses is recognized in other comprehensive income. See note 19 Pension.

228 EVENTS AFTER THE BALANCE SHEET DATE

New information on the company's positions at the balance sheet date is taken into account in the annual financial statements. Events after the balance sheet date that do not affect the company's position at the balance sheet date, but which will affect the company's position in the future, are stated if significant.

NOTE 3 CRITICAL ACCOUNTING ESTIMATES AND ASSUMPTIONS

Use of estimates – provisions – assessments

The preparation of financial statements in conformity with IFRS requires the use of certain critical accounting estimates. It also requires management to exercise its judgment in the process of applying the Company's accounting policies. The areas involving judgment or complexity, or areas where assumptions and estimate are significant to the consolidated financial statements are summarized below:

Vessels – The booked values of the group's vessels represents over 90 % of the balance sheet total. Judgment and estimates linked to the vessels have a significant impact on the group's financial statements. Each vessel (cash generating unit) is tested separately for possible impairment quarterly. Value in use per vessel is estimated based on cash flow model where used rate of return after tax is 9,6 % for 2019. It is uncertainty related to day rate in future contracts, future cost level on the vessels and future utilization of the fleet. For vessels on firm contracts it is assumed day rates according to contract in the firm period, and thereafter it is assumed that day rate and utilisation levels are according to expected market levels. It is assumed a gradually improvement in the market towards 2026.



til forventede markedsnivå. Det er foresatt ei gradvis forbedring i marknaden fram mot 2026 og deretter er framtidig kontantstrøm basert på 2026 nivå.

Brukstid for skip – Vurderinga av brukstida for skip er basert på strategi, marknadsmessige erfaringar og kunnskap om dei typer skip konsernet eig. Avskrivingsnivået vil avhenge av skipa sine forventede brukstid.

Restverdi ved utløp av økonomisk brukstid – Avskrivingsnivået vil vere avhengig av ei vurdering av forventede restverdi på balansedagen. Vurdering vedrørende restverdi gjerast basert på erfaring og kunnskap om marknaden for brukte skip, der innhenta meklaranslag for balansedagen sin verdi av skip er eit av kriteriane.

Aktivisering og avskrivning av periodisert vedlikehald – Periodisk vedlikehald er knytt til klassekostnader. Kostnader til ordinært vedlikehald inngår ikkje i aktivisering. Investeringa i samband med periodisert vedlikehald avskrivas over perioden til neste periodisk vedlikehald. Intervalla er basert på erfaring og beste estimat for når neste periodisk vedlikehald vil finne stad.

Utsett skattefordel – Førast i balansen når det er sannsynleg at konsernet vil ha tilstrekkeleg inntekt i komande perioder til å kunne nytte skattefordelen.

Avsetningar for usikre fordringar – Når det foreligg objektive indikatorar for at konsernet ikkje vil motta oppgjør i samsvar med opprinnelege forutsetningar foretas det ei avsetning for usikre fordringar. Eksempel på indikatorar på nedskrivning av kundefordringar er vesentlege økonomiske problem, sannsynlegheit for konkurs eller behov for økonomisk restrukturering.

Kontroll over dotterselskap – Blir vurdert ut frå om følgjande element er tilstades; makt over selskapet, eksponert for, eller har rett til variabel avkastning frå sitt engasjement i føretaket som det er investert i, og moglegheit for investor til å bruke makt over selskapet til å påverke størrelsen på denne variable innteninga. Kontroll revurderast når fakta og forhold indikerer at det kan vere endring i nokre av disse elementa av kontroll. Det blir vurdert om investor har reelle rettar som gir investor makt til å styre dei relevante operasjonar, slik som vesentlege driftsmessige beslutningar, kontroll av egedelar eller finansieringsmoglegheiter, og når desse rettane kan utøvast.

Endringar i rekneskapsmessige estimat / avsetningar rekneskapsførast i den perioda endringane oppstår. Dersom endringane også gjeld framtidige periodar fordelast effekten over inneverande og framtidige periodar. Ei avsetning rekneskapsførast når konsernet har ei plikt (rettsleg eller sjølvpålagt) som ei følge av ei tidligare hending, det er sannsynleg (meir sannsynleg enn ikkje) at det vil skje eit økonomisk oppgjør som fylgje av dette ansvaret og beløpet sin størrelse kan målast påliteleg.

From year 2026 and beyond cash flow is based on 2026 level.

Useful life of vessels – Estimated useful life for vessels is based on strategy, market experience and knowledge of the types of vessels the company owns. Depreciation is significantly effected by the level of useful life.

Residual value by end of useful life – The level of depreciation depends on an estimate of expected residual value at the balance sheet date. Assumptions concerning residual value are made based on experience and knowledge of the market for used vessels, where value estimates at the balance sheet day obtained from shipbrokers is one of the criteria.


Capitalization and depreciation of deferred maintenance – Periodic maintenance is related to major inspections and overhaul costs. Ordinary maintenance cost will not be included in the capitalization. Investments made in connection with periodical maintenance are depreciated until the vessel entered into next periodical maintenance. Intervals are calculated on the basis of past experience and best estimates for when next periodical maintenance will be done.

Deferred tax assets – Recognized when it is probable that the Group will have sufficient profit for tax purposes in subsequent periods to utilise the tax asset.

Provisions for uncertain receivables – When there are objective indicators that the group will not receive settlement in accordance with the original conditions, a provision for uncertain receivables is made. Significant financial problem of the debtor, probability that the debtor will file for bankruptcy or undergo financial reorganization are considered indicators that the trade receivable is impaired.

Control over subsidiaries – Involves judgements of; power over the investee, exposure to variable returns from the investee, and the ability of the investor to use its power to affect those variable returns. Control is reassessed whenever facts and circumstances indicate that there may be change in any of these elements of control. It is considered whether the investor has actual rights that give the investor control over the relevant operational decisions, control over assets or financing opportunities, and when this rights can be exercised.

Revision to accounting estimates and provisions are recorded in the period in which the estimates are revised if the revision affect that period, or in the period of revision and future periods if the revision affects both current and future periods. A provision is recognised when the Group has an obligation (legal or self-imposed) as a result of a previous event, it is probable (more likely than not) that a financial settlement will take place as a result of this obligation and the size of the amount can be measured reliably.



NOTE 4 FINANSIELL RISIKOSTYRING

I forbindelse med restruktureringa av konsernet 7.februar 2017 er tidligere obligasjonsgjeld på totalt MNOK 695 i Olympic Ship AS blitt konvertert til to nye obligasjonslån utstedt av Olympic Subsea ASA, begge med forfall 31.07.22. MNOK 60 er eit konvertibelt obligasjonslån som kan bli konvertert til ein eigarandel på 13 %. Det konvertible obligasjonslånet er presentert som Annan innskote egenkapital. MNOK 300 er eit usikra lån med 3 % PIK-rente med call-opisjon på 65 % av pari innan 2 år, 75 % av pari etter tre år og 85 % av pari etter 4 år. Neddiskontert verdi av lånet er MNOK 280 pr. 31.12.19. Verdi av call-opisjonen er bokført med MNOK 0 under Derivater. Endring frå 2018 er bokført som finanskostnad, med MNOK 30, då selskapet ikkje har nytta call-opisjon på 75 % av pari innan 3 år, og heller ikkje forventar at opsjonen blir benytta etter 4 år.

Banklåna har krav om minimumsnivå på likviditet, restriksjonar på utbytte og investeringar, samt krav om marknadsverdiar samanlikna med uteståande lån frå 2020. Som rapportert i siste kvartalsrapport har selskapet pågåande ein prosess med bankforbindelsane for å gjere tilpassingar på avdragsprofil på gjelda. Dialogen er konstruktiv og det blir jobbet mot å ha på plass en langsiktig restrukturering til 1.september 2020. Selskapet utsett betaling av renter og avdrag i perioden. Ein av långivarane har tredd ut av bankgruppa og har intensjonen å avslutte sitt finansieringsforhold med selskapet og resten av bankgruppa. Den enkelt långivar sin posisjon har medført at selskapet er i brot med lånevilkåra. Dette har utløyst kryssmisleghald under selskapets obligasjonslåneavtalar, og kravet er gitt avkall frå av bankgruppa i perioden. Selskapet har og vil fortsette dialogen med Nordic Trustee med hensyn til obligasjonslåna. Det er usikkert om og eventuelt på kva vilkår selskapet kan få til ei lengre løysing.

Olympic Subsea ASA er garantist for alle skipseigande selskap innan subseadivisjonen.

Som følge av verksemda er konsernet eksponert mot fleire finansielle risikoar. Konsernet er eksponert mot marknadsrisiko i form av renterisiko knytt til innlån og framtidige inntekter i valuta. Uteståande fordringar medfører eksponering mot kredittrisiko, medan framtidige forpliktingar til betaling av gjeld medfører eksponering mot likviditetsrisiko.

Konsernet sin overordna plan for risikostyring fokuserer på å minimalisere dei potensielle negative effektane på resultatet forårsaka av volatilitet i kapitalmarknaden og dei finansielle marknadane selskapet er eksponert mot. Risikostyringa er ivaretatt av finansdirektør. Den finansielle risikoen er ein kontinuerleg vurdering sett i samanheng med selskapet sin operasjon.

NOTE 4 FINANCIAL RISK MANAGEMENT

In connection with the restructuring of the group February 7th 2017 the holders of bonds in Olympic Ship AS have their holdings converted into two new bonds issued by Olympic Subsea ASA, being a subordinated mandatory convertible bond in the amount of NOK 60 million and a senior unsecured bond of NOK 300 million. Both new bonds will have a maturity in 5.5 years from issuance. The convertible bond can be converted into an ownership of 13% and is presented as Other paid-in capital. The senior unsecured bond, which will bear interest at 3% PIK can be called after two years at 65% of par, after three years at 75% of par, and after four years at 85% of par. The discounted value of the loan is MNOK 280 as per 31.12.19. The value of the call-option is presented as Derivates, MNOK 0. The call option after three years at 75 % of par is not used, neither is it expected the option after four years will be used, where the deviation from 2018 is booked as financial expense, the amount of MNOK 30.

The bank loan agreements have covenants with regards to minimum cash, restrictions on dividends and investments, in addition market value requirements of each vessel compared to loan outstanding from 2020. The Company has initiated a process with its financial creditors in relation to the need for an adjustment to the repayment profile of the financial debt of the Company. This said process is ongoing and constructive, and in order to provide further time to secure a solution for the benefit of all stakeholders working towards a long term solution within 1 September 2020. Payments of interests and principal is postponed in this period. One of the lenders in the bank group has departed from the overall bank group with the intention of exiting its relationship with the Company and the rest of the bank group. This position of one of the lenders has caused the Company to be in breach of the relevant loan agreement, which has triggered cross default under the Company's bond agreements. The other lenders in the bank group have waived cross default under their facilities with respect to the mentioned breach and the positive dialogue with the rest of the Company's bank group continues. Furthermore, the Company is, and will continue to be, in dialogue with Nordic Trustee with respect to its bonds. It is uncertain if and eventually on what terms and conditions a solution would derive from such discussions and when any solution can be implemented.

Olympic Subsea ASA is the guarantor for all ship-owning entities within the Subsea segment.

As a result of the activities the group are exposed to several financial risks. The group has exposure against market risk such as interest risk related to borrowings and future revenues in foreign currencies. Outstanding accounts means exposure against credit risk, while future payment commitments gives an exposure against liquidity risk

The Group's overall risk management program focuses on minimizing potential adverse effects on the result caused by volatility in the capital and financial markets the company is exposed. Risk management is looked after by the CFO. The financial risk is a continuous assessment in the context of the company's operation.



Kreditrisiko

Kreditrisiko er risikoen for at motparten vil påføre konsernet eit tap ved ikkje å gjere opp konsernet sitt tilgodehavande. Kreditteksponering er primært knytta til kundefordringar og andre fordringar. Det er også kreditrisiko knytt til finansielle derivatar. Konsernet foretek grundig sjekk på alle motpartar og krev ofte garantiar frå bankar og morselskap.

Credit risk

Credit risk is risk related to the counterparty to the group may give rise to losses for the group by not settle their commitments. Credit risk exposure is primarily related to accounts receivables and other receivables. It also credit risk related to financial derivatives. The group takes check on all counterparties and they often require gatattees from banks and patent companies.

Maksimal kreditteksponering pr 31.12.2019 utgjør:

Maximum credit exposure as of 31.12.2019:

Finansielle eigedelar	Financial Assets	Nominelle beløp / Amount	0-3 mnd / 0-3 months	3-6 mnd / 3-6 months	<6 mnd / <6 months
Kundefordringar og andre fordringar	Accounts receivables and other receivables	127 147	119 157	896	7 094

Maksimal kreditteksponering pr 31.12.2018 utgjør:

Maximum credit exposure as of 31.12.2018:

Finansielle eigedelar	Financial Assets	Nominelle beløp / Amount	0-3 mnd / 0-3 months	3-6 mnd / 3-6 months	<6 mnd / <6 months
Kundefordringar og andre fordringar	Accounts receivables and other receivables	180 843	174 133	6 242	468

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at konsernet ikkje er i stand til å innfri sine pliktar ved forfall, samt risikoen for at konsernet ikkje klarer å møte sine likviditetsforpliktingar utan at kostnaden aukar dramatisk. Ut frå eit breiare perspektiv inneheld likviditetsrisiko også risiko for at konsernet ikkje er i stand til å finansiere økningar i eigedelar etter kvart som refinansieringsbehovet aukar.

Liquidity risk

Liquidity risk is the risk that the group is not able to satisfy it commitments as they fall due, and the risk that the group would not be able to satisfy it commitments without significantly increasing it funding costs. From a broader perspective liquidity risk includes that the it also includes the risk that the group can not get financing for increasing the it investments in assets as the need for refinancing is increasing.

Etterfølgande tabell viser framtidige utbetalingar basert på gjeldande løpetid på forpliktingar.

The table below show future payments base on the term to maturity of liabilities.


Finansielle forpliktingar 2019	Financial liabilities 2019	Nominelle beløp/ Amount	0-1 år/years	2 - 3 år/years	4 år / 4 years	Etter 4 år / After 4 Years
Renteberande pantesikra gjeld	Secured loans	48 000	-	24 000	24 000	-
Obligasjonslån (usikra)	Bond loan	279 940	-	279 940	-	-
Andre langsiktige forpliktingar*	Other long-term liabilities*	92 086	-	92 086	-	-
Første års avdrag på langsiktig gjeld	Next years payment on borrowings	2 710 119	2 710 119	-	-	-
Leverandørgjeld og anna kortsiktig gjeld	Trade payables and other short term debt	119 806	119 806	-	-	-
Sum	Total	3 249 951	2 829 925	396 026	12 000	0

Kalkulerte renter- og garantikostnader	Calculated interest profile	177 300	155 000	21 300	1 000	-
--	-----------------------------	---------	---------	--------	-------	---

Finansielle forpliktingar 2018	Financial liabilities 2018	Nominelle beløp/ Amount	0-1 år/years	2 - 3 år/years	4 år / 4 years	Etter 4 år / After 4 Years
Renteberande pantesikra gjeld	Secured loans	2 717 202	-	2 717 202	-	-
Obligasjonslån (usikra)	Bond loan	256 173	-	0	256 173	-
Andre langsiktige forpliktingar	Other long-term liabilities	65 723	-	65 723	-	-
Første års avdrag på langsiktig gjeld	Next years payment on borrowings	34 000	34 000	-	-	-
Leverandørgjeld og anna kortsiktig gjeld	Trade payables and other short term debt	128 273	128 273	-	-	-
Sum	Total	3 201 371	162 273	2 782 925	256 173	0

*Andre langsiktige forpliktingar består av lån fra selskapets aksjonærer.

*Other long-term liabilities consists of loans from the Company's shareholders.



Marknadsrisiko

Valutarisiko

Konsernet opererer i ein internasjonal marknad og konsernet sine inntekter er i hovudsak USD, GBP, EUR og NOK. Ein stor del av kostnadane samt finansiering er i norske kroner. Dette medfører eksponering mot valutarisiko. Valutarisiko er når framtidige inntekter eller balanseførte eigedelar er i annan valuta enn norske kroner. Dersom endring i NOK mot utanlandsk valuta, så vil det gi endring i balanseførte verdier og framtidige inntekter.

Marked risk

Currency risk

